



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
09.06.2023

Dykkar dato:
2023/2519

Vår ref:
2023/7592

Dykkar ref:
2023/2519

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

Uttale - Dispensasjon - Alver 322/131 - Frekhaug - rive og oppføre nytt bygg

Vi viser til brev frå kommunen datert 14.05.2023. Saka gjeld søknad om lagerhall/tilbygg. Det har tidlegare vore søkt om riving av eksisterande rubbhall og planering av eigedom.

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtvitmarka (1256-20060002) er definert som industribygg, og innanfor det som i reguleringsplan for industriområde Mjåtvit/Frekhaugmarka (1256-19870310) er definert som industri/lager.

Kommunen har ikkje tatt stilling til kva dispensasjonar som er naudsint, men det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplanane i området:

1. *Utnyttelse i begge reguleringsplaner er angitt til 40% BRA eller TU lik 40 %. Det søkes om dispensasjon fra reguleringsbestemmelsene vedrørende utnyttelse.*
2. *Ny lager bygning bryter byggegrense som vist på vedlagt situasjonsplan, Det søkes om dispensasjon fra bestemmelser om avstand/byggegrense som er angitt i reguleringsplan.*
3. *I Reguleringsplan for er det satt krav om at bebygdarealet skal være like stort som grøntarealet på tomt 322/131. De søkes om dispensasjon fra denne bestemmelsen i reguleringsplan for Mjåtvit/Frekhaugmarka.*

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispenseert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Området ligg i nedbørssfeltet for kritisk trua elvemusling i Mjåtvitelva. Vi forstår det slik at reguleringsplanane for området ikkje omtalar eller sikrar omsyn til elvemusling i Mjåtvitelva. Vi minner om at kommunen skal, når tiltak ikkje er satt i verk seinast ti år etter vedtatt plan, sjå til at planen i nødvendig grad er oppdatert jf. plan- og bygningslova § 12-4 femte ledd.



Elvemuslingen i Mjåtveitelva vart nyleg funne igjen i et område i elva ikkje langt unna tiltaksområde (sjå kart side 11 i [RB-rapport 3556](#)). Bestanden av elvemusling er av ein slik storrelse at viss ein gjer tiltak som hindrar negativ påverknad frå tiltak i nedbørsfeltet, kan bestanden bergast. Det er òg vurdert å auke bestanden med stammusling. Elvemuslingen brukar laksefisk som vert i deler av livssyklusen. Avrenning av finpartikulært materiale kan nedslamme gyte- og oppvekstområde for fisk, noko som er særskild negativ i den perioden det ligg immobile stadium av egg og yngel grus (oktober-mai).

Det er viktig at tiltaket ikkje fører til avrenning som kan vere skadeleg for elvemusling eller laksefisk. For å sikre dette må ein ha kunnskap og kontroll på avrenning både i anleggsperioden og bruksperioden. Vi kan ikkje sjå at det er godt nok opplyst i denne saka. Vanlegvis vil anleggsperioden, med masseutskifting og planering vere mest risikofylt med tanke på skadeleg avrenning. Vi forstår det slik at denne søknaden ikkje gjeld masseutskifting og planering, fordi det allereie er gitt løyve til dette. Vi viser til vår uttale til løyve til riving av rubbhall, masseutskifting og planering, datert 03.02.23. Om det er fare for avrenning er det viktig å sette konkrete vilkår om avbøtande tiltak.

Den eine dispensasjonen gjeld grønstruktur. Grønstruktur kan filtrere skadeleg avrenning. I den grad grønstruktur kan avbøte på skadeleg avrenning til Mjåtveitelva, meiner vi kommunen ikkje bør gje dispensasjon frå dette forhaldet.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN